

**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:** <jplD> 20/11612  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 28.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
012/20	Ungdomsråd	05.03.2020
010/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	10.03.2020
035/20	Alver kommunestyre	14.05.2020

## Retningslinjer Ungdomsrådsmidlane

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner retningslinjer for Ungdomsrådsmidlane slik deg ligg ved i saka.

### Ungdomsråd 05.03.2020:

#### Behandling:

Orientering i saka v/Ebbe Io og Robert Lorang Hansen.

Felles framlegg frå Alver ungdomsråd:

Framlegg til retningslinjer for ungdomsrådsmidlane vert vedtekne slik dei ligg føre med følgjande endringar:

Under punkt 2. krav til søkar, etter "ein kan søka om støtte til samarbeidsprosjekt (minst 2 aktørar)." tilføye "Til dømes minst 3 ungdom (aktør) og eit Ungdomslag (aktør) i samarbeid."

Under punkt 3. kva og kor mykje kan du søka om? og under støtte. Etter "Inntil 15000,- per søknad" tilføye "Alver Ungdomsråd kan i særlege tilfelle vurdera høgare støtte til søknaden".

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### UR- 012/20 Vedtak:

Framlegg til retningslinjer for ungdomsrådsmidlane vert vedtekne slik dei ligg føre med følgjande endringar:

Under punkt 2. krav til søkar, etter "ein kan søka om støtte til samarbeidsprosjekt (minst 2 aktørar)." tilføye "Til dømes minst 3 ungdom (aktør) og eit Ungdomslag (aktør) i samarbeid."

Under punkt 3. kva og kor mykje kan du søka om? og under støtte. Etter "Inntil 15000,- per søknad" tilføye "Alver Ungdomsråd kan i særlege tilfelle vurdera høgare støtte til søknaden".

## **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.03.2020:**

### **Behandling:**

Orientering til saka v/Robert Lorang Hansen-spesialkonsulent, ungdom, fritid og medverknad og Eirik B. Utne-kultursjef

### **Endringsframlegg 1. frå Thea Risøy-Krf:**

Stryke siste del av første avsnitt, «(til dømes kulturaktivitetar som kurs/tilbod om dans, musikk, graffiti, foto, design, arrangement,).»

Framlegget fekk 3 røyster og fall (Thea Risøy-Krf, Jostein Borlaug-Ap, Anna Nordlund-SV)

### **Endringsframlegg 2. frå Sean Røskeland-H:**

*Endring i punkt 8:*

Legg inn «sosiale medier». Den klart mest brukte plattformen for promotering og kommunikasjon blant unge. Det er i praksis ivaretatt av «anna kommunikasjonsmateriell», men nettopp sosiale medier er så sentralt at det bør spesifiseres.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg med endringsframlegg 2. vart samrøystes vedteke.

### **OKK- 010/20 Vedtak:**

#### **Innstilling frå OKK - 10.03.2020:**

Kommunestyret godkjenner retningslinjer for Ungdomsrådmidlane slik dei ligg ved i saka, med endring i punkt 8:

Legg inn «sosiale medier». Den klart mest brukte plattformen for promotering og kommunikasjon blant unge. Det er i praksis ivaretatt av «anna kommunikasjonsmateriell», men nettopp sosiale medier er så sentralt at det bør spesifiseres.

## **Alver kommunestyre 14.05.2020:**

### **Behandling:**

#### **Endringsframlegg frå T.Risøy-KRF:**

Stryke siste del av første avsnitt «(til dømes kulturaktivitetar som kurs/tilbod om dans, musikk, graffiti, foto, design, arrangement,).»

Framlegget vart vedteke mot 9 røyster L.Bjørge-Sp, M.Riise-MDG, L.Johnsen-MDG, J.Hellestveit-Sp, M.B.Gjerde-SP, S.Knudsen-SP, V.Villanger-SP, A.Nordlund-SV og A.Fresvik-SV. Innstillinga frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur med endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

### **KO- 035/20 Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner retningslinjer for Ungdomsrådmidlane slik dei ligg ved i saka, med

følgjande endringar

Punkt 8:

Legg inn «sosiale medien». Den klart mest brukte plattformen for promotering og kommunikasjon blant unge. Det er i praksis ivaretatt av «anna kommunikasjonsmateriell», men nettopp sosiale medier er så sentralt at det bør spesifiseres.

Stryke siste del av første avsnitt «(til dømes kulturaktivitetar som kurs/tilbod om dans, musikk, graffiti, foto, design, arrangement,.)»

### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i ungdomsrådet

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

### **Saksopplysninger:**

Frå politisk reglement for ungdomsrådet heiter det:

*Ungdomsrådet disponerer dei midlane dei til ei kvar tid har på kommunebudsjettet, midlane skal nyttast for å betre dei unge sitt oppvekstmiljø.*

§ 2 i forskrift om medvirkningsordningar gjer rom for at ungdomsrådet sjølv kan fordele midlane.

Det er i 2020 sett av kr 200 000 som ramme for ordninga.

### Bakgrunn

Retningslinjer er utarbeida for å klargjera formålet med midlane. Retningslinjene skal syta for at Alver ungdomsråd kan fordela tilskott etter søknad og syta for god handsaming.

Formålet med ordninga er å gje dei unge moglegheit til å betre sitt oppvekstmiljø. Tilskot frå denne ordninga skal stimulere og oppmuntra denne moglegheita.

### Vurdering

Målgruppa for ordninga er sett til aldersgruppa 13-19 år, same aldersgruppe som ungdomsrådet. Retningslinjene legg til grunn at minst ein av søkerane må vere i målgruppa, for å sikre at dei unge sjølv er med å planleggje/gjennomføra tiltaka.

Alle søknadar må oppgi ein juridisk ansvarleg kontaktperson over 18 år, dette er eit vilkår for å få utbetalt støtte. Dette skal ikkje hindra at unge sjølv kan utforma søknad og gode tiltak, men sikrar at utbetalt støtte og seinare rapport og rekneskap vert forvalta i tråd med retningslinjene.

I tillegg til gruppering av ungdom og lag/organisasjonar, kan elevråd og ungdomsklubbar ved klubbstyret søka tilskot. Dette for å stimulere at elevråd og klubbstyre engasjerer seg i å betre sitt oppvekstmiljø.

Retningslinjene oppmodar at fleire aktørar søkar i samarbeid, for stimulere at fleire aktørar går i lag og engasjerer seg i deira oppvekstmiljø.

### Medverknad

Rådmannen sitt framlegg til vedtak er utarbeida i dialog med Alver ungdomsråd via deiras lukka Facebookgruppa, og via e-post kommunikasjon mellom leiar, nestleiar og kontaktperson for ungdomsrådet.

Det har vore viktig for Alver ungdomsråd å få retningslinjene på plass, slik at sittande råd får høve til å starte opp ordninga i inneverande periode.

Ungdomsrådet ser svært positivt på ordninga.

**Vedlegg i saken:**

28.02.2020 Retningslinjer Ungdomsrådmidlane

1357833